Protokoll for: Felles soknerådsmøte
Stad: Drengestøga
Tid: Onsdag 2. september 2026 kl. 18.00 – 20.00

Til stades:

Øye sokneråd:	Aud Synnøve Kvale, Nils Torstein Hermundstad, Ingrid Grøv.
Vang sokneråd:	Kristin Bakke Lajord, Tor Erik Berge, Anine Rauken Kattevold, Ivar Eiler Thune Hagerup.
Heensåsen sokneråd:	Nils Harald Heen, Oddvin Magne Almenning, Elin Rømyhr Haugen.
Høre sokneråd:	Marianne Riste, Nina Neståker, Silje Olimb.
Soknеprest:	Ingebjørg Vik Laugaland
Kyrkjeverje:	Silje Hammerstad
Referent:	Silje Olimb / Silje Hammerstad.
Referatet blir sendt til:	Alle deltakarar & alle soknerådsmedlemmer i alle sokneråd.

Opning v/soknepresten:

Soknepresten opna møte med same tekst som ho nytta i sørgegudsteneste i Vang kyrkje søndag 30. august i samband med Kong Harald V bortgang. Teksten ho las var kapitel 3 frå forkynnaren, ei bibelforteljing frå det gamle testamentet som mellom anna handlar om at «alt har si tid og det er ei tid for alt som skjer under himmelen». Ein tekst som passar fint i ei tid der landet er i sorg etter kongen sin død fredag 28. august 2026.

Godkjenning av innkalling og referat:

Innkallinga til felles soknerådsmøte 02.09.26 og referatet frå førre felles soknerådsmøte den 3. februar 2026 vart godkjent.

Gjennomgang av referat frå siste bispevisitas 2021. Sokna fekk 12 punkt å arbeida vidare med. Korleis ligg me ann 5 år seinare?

I samband med at det er 5 år sia biskopen var på bispevisitas i Vang ønskja soknepresten å gå igjennom og sjekke opp status på arbeidet med dei 12 utfordringane som Kyrkja i Vang fekk av biskopen i samband med bispevisitasen i 2021. Utfordringane til biskopen finn du i vedlagt dokument «Biskopen sine 12 utfordringar» og dagens status på arbeidet er som følgjer:

1. Ein var einige om at gudstenestetilbodet som er i Kyrkja i Vang i dag svarer til behova til dagens befolkning og samfunnsliv i Vang, men at kyrkja og sokneråda kanskje kan jobbe meir med å etablere fleire samarbeid med frivillige, lag og foreiningar. Me er på god veg med blant anna bruk av lokalt vertskap på stølsmesser og kor og korps som av og til deltek i kyrkjene.

2. I åra sia bispevisitasen i 2021 har det vore jobba lite med lokal plan for kyrkjemusikk. Organist Kateryna vil før ho sluttar i oktober laga til eit utgangspunkt for kyrkje-musikalsk plan som ein nytilsett organist kan arbeide vidare med når denne er komme på plass.

3. Ein har ikkje etablert ein prosess med å utvikle målretta samarbeid med ulike partar knytt til St. Tomaskyrkja. Ein har likevel hatt samarbeid geografisk (vestover) i form av samarbeidsgudstenester mellom Kyrkja i Vang og Kyrkja i Lærdal/Årdal på sommaren i alle år. Ein har også gjennomført noko økumenisk arbeid i form av å holde kyrkja open for alle som ynskjer ein tur inn på søndagane i juli. I tillegg blir kyrkja opna på førespurnadar frå dei som ynskjer å nytte kyrkja til arrangement eller besøke han. Her kan ein mellom anna nemne besøket frå Hakadal Tindebestigerklubb (Hakadal Kyrkjelyd) i august 2026 og pilgrimsmeditasjon som skal gå føre seg i midten av september 2026. Vurderingar rundt å opprette ein komité for St. Tomaskyrkja er det arbeidd lite med i etterkant av bispevisitasen.

4. Her har det vorte gjort ein god jobb sidan bispevisitasen i 2021. Me har dei siste åra halde følgande kyrkjer ope ein eller fleire dagar i løpet av året:

   Høre stavkyrkje: Open med omvising om sommaren (juni – august).
   Vang kyrkje: Open kyrkje om sommaren i fleire år (juli månad).
   Øye stavkyrkje: Open med omvising om sommaren (juni – august).
   St. Tomaskyrkja: Open kyrkje på søndagar i juli.

   I tillegg hender det at enkelte av kyrkjene blir heldt opne ein eller fleire dagar i samband med jul, påske, pinse og verdsdagen for psykisk helse i oktober.

5. Her har det vorte gjort ein god jobb. Me har no heildigital påmelding til dåp. Me har også gode rutinar for kommunikasjon og marknadsføring gjennom Kyrkja i Vang sine sosiale medier og digitale plattformer som Facebook, heimeside og foreiningsportal.

6. Ein opplever at skulen og barnehagane er mest interessert i samarbeid med kyrkja når dei sjølv ynskjer dette og at dei kanskje ikkje er like interesserte når kyrkja kontaktar dei. Kyrkja i Vang vel å respektere dette og forsøker i staden å vera på tilbodssida ved førespurnadar.

   De seinare år har det vore fast skulegudsteneste i Vang kyrkje før jul. Det har også vorte gjennomført fleire besøk frå barnehagane og skulen i dei ulike kyrkjene dei siste åra, mellom anna barnehage-dåp og barnehage-vigsel i Høre stavkyrkje.

7. Kyrkjekontoret har hatt stillingsannonsar ute for å tilby lokal ungdom sommarjobb fleire gonger dei siste åra, dessverre har det vore noko lite respons på desse. Sommaren 2026 hadde me to ungdommar frå Brumunddal og ein lokal ungdom frå Høre som jobba for kyrkja. Høre soknerråd kom med tips om at Kyrkja i Vang bør vera med på jobbmessa på VBU. Ein bør også kontakte Funrizing Vang (v/Sven Rickard Møller) som tiltak for å gjera kyrkja meir synleg for den lokale ungdommen med omsyn på mogleg sommarjobb og praksis/arbeidsveke.

8. Dette området blir det jobba mykje og godt på. Vedlikehald og nødvendige investeringar i kyrkjebygga har høgt fokus frå kyrkjekontoret sin side. Fellesrådet bruker også mykje tid på diskusjonar med omsyn på vedlikehald og arbeider hardt for å skaffa nødvendige økonomiske midlar frå kommunen og andre instansar. Det er ofte mange instansar (NIKU, Riksantikvaren, Biskopen, Statsforvaltaren etc.) som skal involverast i samband med vedlikehald av kyrkjebygga. Dette er grunnen til at det kan verka som ting til tider tek veldig lang tid å få gjennomført.

9. Ein mente her at det er engasjement i befolkninga med omsyn på kyrkjegardane, og at det blir gjort ein bra jobb for å komma forventningane deira i møte. Alle var einige om at det jamt over ser det bra ut på kyrkjegardane i Vang. Sommaren 2026 sleit kyrkjekontoret litt med å få klipt i Høre og Heensåsen grunna sjukdom hjå tilsette, men dette hjelpte då sommarhjelpa kom i gang. Dessutan må ein hugsa på at når det er vått og blir varmt slik at graset sprett alle stader samtidig, klarer ein ikkje nødvendigvis å klippe på alle stader samtidig. Det vil då ta litt tid å pynte oppatt på alle kyrkjegardane, avhengig av ressursane som er tilgjengeleg. Kyrkjekontoret prøver i desse tilfella å kommunisere godt med publikum.

10. Fleire av soknerådsmedlemmane var med på tusenårsfeiringa i 2023 som fann stad i Slidre.

11. Her kom dei ulike sokna og soknepresten med ulike innspel og tankar i forhold til dagens organisering av sokneråda og rekruttering til sokneråda:

    Høre sokneråd:
    - Redusere frå 4 til 2 sokneråd for å spare pengar, då må også færre personar rekrutterast.
    - Ein har ein kjensle av at mange trur det er mykje jobb å sitta i eit sokneråd og at dei difor kvir seg. Kan ein setta inn ein stillingsinstruks i menighetsbladet som beskriv kva ein gjer som medlem i et sokneråd slik at folk blir betre informerte?
    - Kan ein korte ned tida for soknerådsvervet, å sitta i et verv i 4 år er lenge.

    Øye sokn:
    - Det er lettare å sitta i soknerådet no enn tidlegare fordi ting har vorte betre på kyrkjekontoret.
    - Det er viktig å halde på organiseringa med 4 sokneråd slik det er i dag, fordi folk har eigarskap til kyrkja si.
    - Å fortsette med 4 sokneråd vil gjera administrasjon av råda og mellom anna reiseveg for soknerådsmedlemmer lettare.

    Heensåsen:
    - Ein trur folk har ein feiloppfatning om kva eit sokneråd gjer. Ein bør difor gjera en liten informasjons- og marknadsføringsjobb ut mot publikum.
    - Det er lettare å sitta i soknerådet no enn tidlegare fordi ting har vorte betre på kyrkjekontoret.
    - Dei lokale i ulike delar av kommunen kan ha ulike ynskjer, meiningar og kultur for korleis ting skal gjerast og gjennomførast i samband med den lokale kyrkja deira.

- Å halde fram med 4 sokneråd vil gje ein betre moglegheit til å fange opp lokale variasjonar og ynskjer, samtidig som sokneråda samarbeider og diskuterer på tvers av kvarandre.

Vang sokn:

- En moglegheit er å ha eit sokneråd som også er fellesråd (ref. Sel i Gudbrandalen), men då treng ein frivillige til stølsmesser, dugnader, kyrkjevertar etc.. Difor er det kanskje like greitt å behalde dagens ordning med 4 sokneråd.
- Jobba med å få fram i menighetsbladet kva det vil seia å sitta i soknerådet (til dømes intervjue soknerådsleiarane)

Soknepresten:
Ho vil ikkje anbefale å endra frå 4 til 2 sokneråd sidan det juridisk vil vera definitivt, g meir samarbeid mellom sokna vil vera vel så effektivt ei stund til.

12. Me held årleg felles møte mellom sokneråd og stab i dag, og dette har med testa ut nokon år.

    I tilknyting til utfordring nr. 12 fremma soknepresten følgande forslag:

    Er det mogleg å halda berre eit felles soknerådsmøte i året som kyrkjeverja ledar og kor dei ansatte i kyrkja deltek på deler av møtet, også la andre felles soknerådsmøte opprettast ved behov (til dømes: i samband med innspel til høyringar)?

    Vedtak:
    Det vart vedteke at det framover og i tråd med biskopen sitt råd skal haldast eit felles soknerådsmøte i året, som kyrkjeverja ledar, og kor dei ansatte også deltek på deler av møtet. Møtet blir gjennomført i løpet av februar/mars kvart år.

<u>Korleis offerformåla blir bestemt og fordelt. Sokneråda informerer. Evaluering.</u>

I samband med ofringa har ein endra frå å gå til kvar person med kollektpose til at man i dag anten går rundt alteret eller vippser offerbeløpet.

Høre sokneråd: Her har ein mellom anna hatt ofring til Høre/Vestre Slidre Røde Kors, Mekkeklubben i Lomen, Kirkens Nødhjelp, Barnekreftforeningen (dette er tydeleg noko som rører folk i Høre), Frelsesarmeen og eiget arbeid i soknet. Ein er opptatt av å dra folk til kyrkja, i Høre tenkjer ein at offer-formåla kan vere noko som dreg folk til kyrkja.

Heensåsen sokneråd: Her dele ein all innsamla offer gjennom året likt på to formål ved årets slutt. Dei to formåla er «Arbeid for Heensåsen kyrkje» og «Arbeid for psykisk helse for ungdom». Det er vorte lettare å informere om offerformålet under kunngjeringane i gudstenestene etter at klokkaren fekk tekst frå Solbjørg som skal lesast opp før ofringa.

*Vang sokneråd***:** Offer-formål her er blant anna eiget arbeid i soknet. Det er viktig for soknerådet å bidra til nokon som treng det både nasjonalt og lokalt.

Øye sokneråd: Her er offer-formåla vedlikehald til kvar enkelte kyrkje. Soknepresten har fått ein tilbakemelding på at når ein ofrar til vedlikehald i kyrkjene er dette eigentleg å gi pengar til kommunen, då det er dei som betaler mykje av vedlikehaldet på kyrkjene.

Tilsetting av ny prost. Prosedyre

Det skal tilsettast ny prost i Valdres og frist for å søka på stilling er 27.09.26

I samband med intervjuprosessen skal 1 felles kandidat som representerer alle sokn i Valdres delta og frist for å melde inn vedkommande er 27.09.26.

Soknepresten foreslo fellesrådsleiar Kristin Bakke Lajord til denne oppgåven.

Vedtak:
Soknepresten sitt forslag vart vedteke. Kristin Bakke Lajord blir meldt inn som kandidat til å representere alle sokn i Valdres i samband med intervjuprosessen for ny prost.

Vedtakssak: Plan for kyrkjeleg undervisning og læring 2027

Forslag til plan for kyrkjeleg undervisning og læring for 2027:

Plan for kyrkjeleg undervisning og læring for 2027 er lik trusopplæringsplanen for 2026, med unntak av tiltaka *dåpsskole 1, dåpsskole 2, minikonfirmant og filmkveld med samtale*. Desse tiltaka er trekt ut av plan for kyrkjeleg undervisning og læring for 2027. Tiltaka er valde bort for å kunne gjennomføre dei tiltaka som er att betre og med høgare kvalitet.

Plan for kyrkjeleg undervisning og læring for 2027 er vedlagt dette referatet.

Vedtak:
Plan for kyrkjeleg undervisning og læring for 2027 er godkjend og vedteken av Høre, Heensåsen, Vang og Øye sokneråd.

«Vi syng og spelar jula inn». Status 2026 og avtale videre koordineringsrutinar.

Dagens status:
Høre og Heensåsen har før felles soknerådsmøte landa årets datoar for «Vi syng og spelar jula inn»: 16. desember i Heensåsen kyrkje (med Solbjørg som konferansier) og 20. desember i Høre stavkyrkje med Høre Mannskor.

Kyrkjeverja spurde om Vang sokneråd ynskjer «Vi syng og spelar jula inn» 16. desember etter ynskje frå Fjellblom musikklag v/Tone Lajord. Vang sa at dette var OK, men dei ynskja at kyrkjekontoret sjekkar opp kven «Vi syng og spelar jula inn» Vangskoret skal

vera med på, då dei er bekymra for at dette koret ikkje er lagt inn i planane for årets «Vi syng og spelar jula inn».

Øye sokneråd lurte på kvifor det ikkje er «Vi syng og spelar jula inn» i Øye:
Årsak: Det er vedteke i kyrkja sin strategi at Øye skal ha lysmesse for konfirmantane. Ein anna årsak er plassen i kyrkja i Øye.

Etterskrift:
Kyrkjekontoret har sjekka opp og «Vi syng og spelar jula inn» i 2026 blir som følgjer:

Onsdag 16. desember – Heensåsen kyrkje – Høre Mannskor og Fjellblom musikklag.
Fredag 18. desember – Vang kyrkje – Vangskoret og Fjellblom musikklag.
Søndag 20. desember – Høre stavkyrkje – Høre mannskor.

Koordineringsrutinar i forhold til framtidige «Vi syng og spelar jula inn» :

Kyrkjeverja foreslo at sokneråda kjem fram til kva dagar dei ynskjer «Vi syng og spelar jula inn» tidleg på året, under felles soknerådsmøte. Kyrkjekontoret sender deretter desse datoane til kor og korps, og returnerer tilbakemeldingane til sokneråda.

Vedtak:
Kyrkjeverja sitt forslag til koordineringsrutine vart vedteke.

Høyringsak om saksbehandling, åpenhet og innsyn i den norske kirke. Påminning:

Alle sokn har fått tilsendt ein høyringssak om saksbehandling, openheit og innsyn i den norske kyrkja med svarfrist for innspel 25.09.2026.

Kyrkjeverja anbefaler at ein ikkje bruker mykje tid på høyringa då den er svært omfattande og setta seg inn i. Ho stiller spørsmål om nokon av sokneråda har innspel til denne.

Ingen sokneråd har innspel til høyringa. Det sendes difor ingen innspel frå Kyrkja i Vang.

Seminar: «Mellom Alter og Monter» – Valdres Folkemuseum 28. & 29. september

Kyrkjeverja har oppfordra Anne Marit Noraker v/Valdresmusea om at kvart sokneråd bør få tilbod om 2 gratis plassar på seminaret «Mellom Alter og Monter», med bakgrunn i at medlemmer av sokneråda (som eigar av kyrkjene) bør vera med for å sikre ei lokal forankring til fleire av temaa som seminaret tek opp.

Kyrkjeverja ventar på tilbakemelding, men om dette går i orden vil 2 dagars seminar inkludert lunsj bli dekt. Dersom ein ynskjer å vera med på middagen måndag kveld må dette dekkjast av kvar enkelt (400kr).

Her finn du info om seminaret: Mellom alter og monter - Valdresmusea

Påmeldingsfrist: 10. september

Juletre i kyrkjene

Kyrkjeverja stilte spørsmål om sokneråda vil bidra med juletre til kyrkjene i år også. Alle sokneråda virka positive, men kyrkjekontoret sender uansett ut ein forespurnad per mail, då ikkje alle soknerådsleiarane var til stade.

Nils Torstein Hermundstad i Øye kan skaffa juletre til dei sokneråda som ynskjer (slik som i fjor). Dei sokneråda som ynskjer juletre må gje han beskjed om kor mange tre dei treng og kor store trea skal vera.

Kveldssongen i Øye stavkyrkje avslutta det opne programmet for dagen. Så fint det var å vere i dette kyrkjerommet og kjenna på fortid, notid og framtid.

Så hadde eg eit møte med prost, kyrkjeverje og sokneprest for å oppsummere visitasen. Eit rikhaldig program har gitt gode inntrykk frå livet på dei ulike plassane i Vang kommune.

No vil eg lyfte fram nokre punkt som eg ønskjer de skal vere merksame på i åra framover.

Del II Visitasutfordringar

Visitastfordringane er ordna etter dei fem hovedfokusområda i Hamar bispedøme sitt måldokument.

1. Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Den første utfordringa eg vil gje dykk gjeld alle sokneråda:

1) Å sjå nærare på kvart sokn sitt årshjul og lokale kyrkjeår, og om gudstenestetilbodet svarar til behova i befolkning og samfunnsliv

Dette handlar om:

Gudstenestedeltakinga er i endring. Dette er ikkje noko nytt i kyrkja si historie. Ei av læresetningane frå reformasjonen er at kyrkja alltid må reformerast og endrast, i møte med nye tider. Det gjeld og gudstenestelivet. I dette arbeidet må ein sjå til at gudstenestelivet er tilstrekkeleg lokalt forankra, samstundes som det skjer ei god involvering av enkeltmenneske, lag og foreiningar.

Den neste utfordringa er:

2) Å utarbeide ei lokal plan for kyrkjemusikk

Dette handlar om:

Kyrkjemusikken er heilt sentral i kyrkja sin kvardag. Å utarbeide lokal plan for kyrkjemusikk handlar om å sjå på kva som skal prege verksemda her hos dykk. Sokneråda har eit overordna ansvar for å vedta retninga for kyrkjemusikalsk verksemd i nær dialog med kyrkjemusikar og andre tilsette.

Planarbeidet kan gje systematikk og variasjon i samarbeidet med lokale musikk- og kulturkrefter, og stadfestar kyrkja som viktig i kulturarbeidet i lokalsamfunnet.

Den tredje utfordringa handlar om St Thomaskyrkja.

3) Å gå inn i ein prosess for å utvikle eit målretta samarbeid med ulike partar knytt til St Thomaskyrkja, både geografisk og økumenisk. Vurdere om ein skal opprette ein breidt samansatt komite for kyrkja.

Dette handlar om:

St Tomas kyrkja har hatt ei viktig rolle som møtepunkt på Filefjell gjennom femti år. Men i det jamne arbeidet gjennom året, er det viktig at gudstenester og anna verksemd i kyrkja finn god forankring. Her vil samarbeid i ulike retningar kunne gi fornying og forankring, mellom anna til kyrkjene i Årdal og Lærdal. Då kyrkja vart vigsla var det ei økumenisk vigsling. Difor vil eg be dykk sjå nærare på om ei fornying også kan bety nærare samarbeid med andre kyrkjesamfunn.

2. Omsorg og solidaritet

Diakoni er kyrkja sitt namn på alt omsorgsarbeid. Planen for diakoni i Den norske kyrkja peiker på at det blir gjort mykje omsorgsarbeid av kyrkja sine tilsette på ulike måtar kvar dag.

At kyrkjene er opne, har også diakonale sider. Slik viser vi at rommet er her for den einskilde, i sin kvardag. Eg vil derfor utfordre til

4) Ein gjennomgang med sikte på auke antal dagar totalt med open kyrkje

Dette handlar om:

Open kyrkje betyr opne dørar og opne rom, men det uttrykkjer og ein måte å vere kyrkje. Både lokalbefolkning, pilegrimar og andre på reise er i målgruppa når ein arbeider med opne kyrkjer.

Ei kyrkje som er diakonal, når ut til folket. Difor er arbeidet med kommunikasjon viktig. Her i Vang har de vore gode på digital formidling under pandemien. Slik har de også erfart nye former i det daglege arbeidet. No er det klokt å sjå på kva som skal bli med vidare av dette arbeidet, når smittevern og avgrensing ikkje gjeld på same måte lengre. Eg vil utfordre til at de arbeider med

5) Å videreutvikle kyrkja sin kommunikasjon gjennom sosiale medier og andre digitale plattformer, den lokale kyrkja sitt nærvær på nett, og at ein arbeider med å få på plass heildigital påmelding til dåp.

3. Born og unge

Den sjette utfordringa handlar om born og unge.

6) Å gå gjennom samarbeidet skule-kyrkje og barnehage-kyrkje i dialog med kommunen, ut frå gjeldande lov- og planverk.

Samarbeidet skule-kyrkje og barnehage-kyrkje er ikkje til for kyrkja si skuld, men for å auke livskompetansen for born og unge. Kyrkja er ein viktig ressurs på det området.

Kyrkja treng arbeidskraft. Vi, som andre verksemder, treng å rekruttere. Ofte er det slik at ein viktig bakgrunn for å velje yrke, handlar om kva ein får møte i lokalmiljøet, i familie og oppvekst. Difor vil eg utfordre til

7) Å gjere kyrkjeleg utdanning til tema i kyrkja sine møter med ungdom, ved å fokusere på kva det vil seie å arbeide i kyrkja. Og at kyrkja i Vang fellesrådsområde vurderer å tilby sommarjobb til ungdom.

4. Kyrkja i lokalsamfunnet

Kyrkja er forankra i lokalsamfunna i heile Noreg. Å ta vare på kyrkjebygga er del av denne forankringa. Her i Vang veit de mykje om kva det betyr å ta vare på kyrkjene over tid. Dette handlar om røtene våre, og om å tenke langsiktig inn mot framtida. Den åttande utfordringa er

8)Å utarbeide langsiktige planer for vedlikehald og investeringar i samarbeid med kommunen, på bakgrunn av oppdaterte tekniske tilstandsrapportar for kyrkjebygga.

Kyrkjegardane minner på ein særskild måte om at slekt fylgjer slekters gang. Nokon har gått føre oss, ein dag skal vi fylgje etter. Når vi steller og held kyrkjegardane i god stand, så gjer vi det både med respekt for dei som er døde, og med omsorg for dei etterlatne. De har erfart at det kan bli tydeleg engasjement knytt til korleis ein skal arbeide med stell og vedlikehald. Dette er tema eg også kjenner frå andre stader. Eg vil utfordre til

9) Å arbeide med å avklare ulike forventningar knytt til stell og vedlikehald av kyrkjegardane, i dialog mellom råd, tilsette og det engasjementet som finst i befolkninga.

Det er ni år til 2030. Då er det tusen år sidan hendingane på Stiklestad. Allereie no er vi inne i år med markering av dei tusen åra som har gått sidan Noreg vart kristna. Nettverket «Noreg i tusen år», har lagt planer for markering ulike stader i landet kvart år fram mot 2030. Her i Valdres byd året 2023 på høve til å markere tusen år sidan Olav reise gjennom denne delen av landet. Difor vil eg utfordra til

10) Ei satsing på nasjonaljubileet. Bruke tida fram mot nasjonaljubileet i 2030 til å til dømes tematisere religionsdialog og religionsmøter, og bli med på eit felles arbeid i Valdres knytt til tusenårsmarkering i 2023.

5. Organisering og medarbeidarskap

Arbeidet i kyrkja skjer i eit samarbeid mellom tilsette, folkevalde og frivillige. Det er naudsynt at dette samarbeidet har stor nok breidde, og involverer ulike menneske i ulike rollar. De har meldt inn før visitasen at nokre gonger blir det for mange oppgåver på den einskilde. Det handlar mellom anne om korleis rolla som folkevald skal sjå ut. Den ellevte utfordringa er difor:

11) Gå gjennom rollene som folkevalde sett i lys av oppgåver som frivillige, med mål om å organisere arbeidet så oppgåvene ikkje blir for mange for den einskilde. Avklare om ein skal ta organisatoriske grep for å møte utfordringane med å rekruttere medlemmer til sokneråd.

Eit slikt arbeid må ha eit mål om organisering og fordeling til beste for lokalkyrkja. Ein kan sjå føre seg ulike grep, både nærare samarbeid på einskilde felt, men også samtalen om det kan være naudsynt å slå saman sokn, eller å etablere prøveordning med felles råd for nokre av sokna i Vang fellesrådsområde.

Den siste utfordringa handlar om samspelet mellom folkevalde og tilsette. Mykje av dette skjer heile tida, jamnleg i den lokale kyrkja sin kvardag. Men det er klokt at ein og set av faste tider til felles drøfting. Eg vil difor utfordre til at de etablerer som ei fast ordning:

12) Å halde felles årleg møte mellom stab og sokneråd.

Avslutning

Til slutt vil eg få takke dykk for alt de har vist meg her i Vang. Takk for møteplassar og gode måltid, takk for all gjestfridom og takk for eit godt arbeid med programmet for visitasen. Eg er viss på at de vil fortsette det gode arbeidet for kyrkja og for alle dei som bur her.

Gud signe sokna i Øye, Høre, Heensåsen og Vang!

Gud signe dykk alle i Vang kommune!

Solveig Fiske

Hamar biskop

PLAN FOR KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING - KYRKJA I VANG - 2027

pr. 28.08.26

Trusopplæringstiltak	Aldersgruppe for tiltaket (Desse blir spesielt invitert)	Forslag til gjennomføring:
Dåpssamtale og dåp	0-0 år	Tiltaket blir gjennomføret i **alle kyrkjene i Vang** gjennom **heile året**.
Babysong	0-1 år	Tiltaket blir gjennomført **gjennom heile året med unntak av juli månad.**
Dåpsdagshelsingar	1-3 år	Dåpsdagshelsingar blir laga og sendt ut gjennom heile året av kyrkjelydsmedarbeidar.
Krøllekveld	2-3 år	Tiltaket er planlagt gjennomført iløpet av våren.
Kyrkjerottene	3-6 år	Tiltaket er planlagt gjennomført i **Vang kyrkje** før påske.
4-års bok	4-4 år	Tiltaket blir gjennomført i **samband med gudsteneste i september i Heensåsen kyrkje**
Førjulsmoro	5-5 år	Tiltaket blir gjennomført på **Drengestøga i desember månad.** Vang sokneråd står bak arrangementet.
6-årsbok	6-6 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med **gudsteneste i oktober i Høre Stavkyrkje.**
Påskeverkstad	7-8 år	Detaljar omkring tid og stad for gjennomføring av tiltaket er ikkje avklart pr. 28.08.26
Tårnagentsøndag	8-8 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med **gudsteneste i mai i Øye kyrkje.**
Kreativt Verkstad	9-10 år	Tiltaket blir gjennomført på Drengestøga iløpet av hausten
Lys Vaken	11-11 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med **gudsteneste i november i Vang kyrkje.**
Konfirmasjon	15-15 år	Tiltaket blir gjennomført på Drengestøga (konfimasjonsundervisning) i **månadene september 2026 til juni i 2027**, og i Høre stavkyrkje, Heensåsen, Vang og Øye kyrkje **i samband med konfirmasjonsgudsteneste i juni månad.**
Ungdomsmiddag på Briskeby, Fagernes. (i regi av Kyrkja i Valdres)	16-19 år	Tiltaket gjennomføres **på Briskeby i Fagernes**. Tiltaket er eit tiltak i regi av Kyrkja i Valdres. **Tiltaket blir gjennomført gjennom skuleåret.**
Talet på tiltak planlagt gjennomførte i 2027: 14 tiltak		